

NM i friidrett 2018
Breimsbygda idrettslag
v/Rolf Kjetil Egge
6826 Byrkjelo

Byrkjelo 4. april 2018

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Fylkesutvalet
Askedalen 2
6863 Leikanger

Norsk meisterskap i friidrett, omdømbebygging og marknadsføring av Sogn og Fjordane.

NM i friidrett som vert arrangert på Byrkjelo 17. -19. august 2018 er som eit kinderegg, ikkje fordi vi som arrangør «MÅ» gjere det slik, men fordi vi ser NM i friidrett som ein unik muligheit å vise fram nokre av våre flotte verdiar for alle tilreisande og samtidig setje langvarige fotavtrykk i eige fylke.

Tildelt støtte

I september 2017 søkte vi om støtte til heile arrangementet, fordelt på arrangementsstøtte kr 310 000 og investering i utstyr kr 37 110.

I desember fekk vi tildelt kr 100 000 til gjennomføring av idrettsdelen av arrangementet, med fokus på gjennomføring og styrking av arrangørkompetansen hjå Breimsbygda idrettslag som arrangør og Byrkjelo Stadion som arrangementsarena. Vi set stor pris på denne støtta som er svært kjærkomen, men søker no om resterande midlar som støtte til det som blir definert som «ikkje idrettsdelen», men som er svært viktig for å lage eit fullstendig arrangement.

Nasjonale meisterskap til mindre plassar

Nasjonale meisterskap av ein storleik som NM i friidrett vert oftast lagt til større plassar (siste åra har det vore arrangert i Sandnes, Bergen, Haugesund, Jessheim, Tønsberg og Kristiansand). Mykje av grunnen til dette er nok knytt til økonomi. Ein har gjerne meir komplette anlegg med faste tekniske installasjonar som krev mindre investering for å stette krav som vert stilt til mellom anna storskjerm på stadion, produksjon og streaming frå arrangementet og resultatservice. Store kommunar har ofte også ei større økonomisk løfteevne enn små kommunar, og tildeler ofte store summar til slike arrangement fordi ein ser stor verdi tilreisande og marknadsføring av regionen.

At eit norsk meisterskap i friidrett skal leggast i Sogn og Fjordane er ikkje noko naturleg sak, men vi har gong på gong vist at vi er blant dei beste i landet til dette. Det er i tillegg eit arrangement som gjev stor marknadsføring av heile fylket. Skal ein klare slike store løft er ein avhengig av at fylket også tek ei viktig rolle i forhold til økonomisk støtte, viss ikkje vil desse arrangementa i vesentleg grad bli lagt til større stadar/byar i framtida.

Norsk friidrett i medvind

Når heile den norske friidrettseliten passerar fylkesgrensene i august 2018 er det med forvissing om at det skal utøvast prestasjonar i topp nasjonal og internasjonal klasse, mellom høge fjell, vakre dalar og djupe fjordar.

Byrkjelo og Sogn og Fjordane er kjent for høg kvalitet både på det sportslege arrangementet, men også det å legge til rette for alt som skjer utanfor bana, dette ønskjer vi å bygge vidare på også i 2018. NM i friidrett 2018 skal vere ei god totaloppleving – og ei oppleving for alle sansar!

Flotte, sympatiske og utåtvante profilar som Karsten Warholm, Ingebrigsten-brødrene, Isabell Pedersen og Amalie Iuel, vil trekke all merksemd i eit idrettsinteressert presse-Norge til fjordfylket desse dagane, denne sjansen må vi nytte maksimalt.

NM i friidrett er lagt ei vike etter EM i Berlin, så denne sommaren er det i Berlin og på Byrkjelo det skjer! Alle dei beste utøvarane stiller, i tillegg til mange lokale talent frå Sogn og Fjordane som heilt sikkert vil gjere sitt for at edelt metall bli att på heimebane!

Lokalmat- og friidrettsfestival

«Sunn idrettsmat» er blitt eit nasjonalt omgrep, ingen har tidlegare vore flinkare til dette enn under store stemner på Byrkjelo, og vi er langt på veg malen for dette. No ønskjer vi å gjere dette enda tydelegare og betre.

Under NM vil vi som arrangør ha eit stort serveringstelt med plass til over 300 gjester, dette teltet ligg heilt inn til stadion og er ein viktig del av arrangementet. Eit NM i friidrett går over tre langer dagar, og behovet for tilgang på matservering er viktig. Vi legg stor vekt på å servere sunn, god og kortreist mat. Dette fell i smak både blant utøvarar som skal prestere og andre som besøkjer arrangementet og skal kose seg.

Med 5 – 6000 publikummarar på tre dagar er det mykje folk innom Byrkjelo desse dagane for å sjå og oppleve idrett av topp klasse, dette gjev ein unik muligheit å vise fram anna som vi er gode på. Byrkjelo og Sogn og Fjordane er «senter for lokalmat», med Bakar Jon som eit nasjonalt kjent fenomen, ein kombinasjon som gjer det perfekt å arrangere «lokalmat- og friidrettsfestival».

Lokalmatfestival, samlokalisert med NM i friidrett, vil vere eit fantastisk utstillingsvindauge for lokale råvareprodusentar. NM i friidrett vil trekke folk til ein lokalmatfestival og vise versa – og vi får vist fram mykje meir av det flotte vi skaper i Sogn og Fjordane til mange fleire!

Med smaksprøver på kjekkjøt, lokalproduserte ostar, kortreist fisk, saft og sylte, vil NM i friidrett bli **ei eksotisk Sogn og Fjordane-opplevelsing** for alle tilreisande. Vi vil stadfeste fylket sin posisjon som dyktig arrangør av store meisterskap, men også produsent og leverandør av fantastiske matprodukt.

Sunn idrettsmat

Ein viktig del av det å ta på seg slike store arrangement som eit NM i friidrett er, er og å gje noko tilbake til området som arrangerer. Både gjennom økonomisk overskot som betaling for den store

dugnadsinnsatsen som blir lagt ned, men også gjennom varige fotavtrykk som rollemodell for born og unge.

Gjennom «Kongle-NM» i friidrett med sunn matpakke, mjølk og frukt, får over 300 born delta på ein heilt eigen friidrettsdag. Dette er idrettsglede som må opplevast, det er smil, latter og aktivitet i ein heil dag! Kanskje møter ein ei verdsstjerne eller to!

Sunn idrettsmat har utgangspunkt i Norges idrettsforbund og med Norges friidrettsforbund som ein viktig medspelar. Vi ser at eit NM i friidrett til Sogn og Fjordane, kan vere ein motor og drivkraft for å få dette viktige bodskapet ut til fleire. Sunn mat er ikkje viktig berre for å drive idrett, men for å prestere i alle samanhengar i skule og fritid. Ingen ting er betre en lokale kortreiste mat.

Marknadsføring av Sogn og Fjordane

Norsk friidrett «spring» i sterkare medvind enn på mange tiår. Med Karsten Warholm vil «heile Sunnmøre» og «halve resten av kongeriket», komme til Byrkjelo under NM. Men NM i friidrett er ikkje berre for dei som kjem for å oppleve det «live», Sogn og Fjordane vil vere i media sitt sokelys i mange dagar både før under og etter stemnedagane, både med NRK fjernsyn som sender i 3 dagar og skrivande presse.

Ein lokalmatfestival i kombinasjon med friidrett vil gje mange nye og spennande vinklingar for dei som skal rapportere heim frå NM og garantert setje Sogn og Fjordane som «trivselsfylket» endå tydelegare på kartet.

I tillegg er vi som arrangør pålagd å produsere eige Web-TV som blir sendt direkte i 3 heile dagar, dette blir følgt av tusenvis over heile landet. Her vil vi nytte muligheita å vise fram mykje av det flotte vi har å by på, frå Hoven i Loen, Kjerringa og Stad til Briksdalsbreen og Eggenipa. Ingen skal vere i tvil om kvar NM i friidrett vert arrangert og mange skal ha lyst å reise hit også etterpå!

Applaus og støtte

Som arrangør er vi ikkje plikta å gjere meir ut av eit NM enn å legge til rette på «indre bane» og det tekniske som er direkte retta mot arrangementet. Då er det få som hugsar oss når dørene stengjer.

Vi legg stor innsats, ære og flid i å vise både Byrkjelo, Gloppen og Sogn og Fjordane frå si beste side.

Om lag 10 000 dugnadstimar blir lagt ned for at dette skal bli den suksessen vi håpar og trur det blir, ein innsats som vi håpar skal betale seg ved å kunne gje økonomisk bidrag tilbake til lag og organisasjonar som står bak dette, og som skal halde fram arbeidet med å gjere Sogn og Fjordane til ein god stad å vekse opp, leve og bu – og ikkje minst motivere til å ta på seg fleire slike store arrangement framover.

Det kostar sjølv sagt å legge ned så mykje innsats på frivillig basis, til dette treng vi entusiasme både lokalt og regionalt, eit klapp på skuldra og litt applaus, men også økonomisk støtte.

Eit NM i friidrett er etter kvart blitt eit svært stort arrangement, med store krav til teknisk tilrettelegging. Vi har Norges vakraste friidrettsarena, men som andre anlegg i Sogn og Fjordane (med unntak av Fosshaugane) lite faste tekniske installasjonar, desse må leigast inn til NM. Dette er både

storskjerm og lyd på stadion, det er tilrettelegging og produksjon av Web-TV, fasilitetar for servering og renovasjon, og eit stort teknisk opplegg for å handtere og publisere alle resultat på ein rask og effektiv måte.

Så kjem store kostnadar knytt til marknadsføring og andre arrangementskostnadar på toppen av dette, som mellom anna behov for å investere i stavmatte på Byrkjelo stadion (Sogn og Fjordane har per i dag ingen godkjende stavmatter for slike arrangement, noko som og fører til at aktive i fylket må reise ut for å trene og rekrutteringa blir fråverande).

Sponsormarknaden er usikker og langt tøffare enn tidlegare. For å sikre økonomien i arrangementet er det difor viktig at det offentlege (kommune og fylkeskommune) stiller på når ein får slike store viktige arrangement til fylket, og løftar det opp og fram saman med private sponsorar og samarbeidspartnerar.

SØKNAD

Vi søker Sogn og Fjordane Fylkeskommune om eit ytterlegare tilskot til NM i friidrett på kroner 247 110, fordelt på denne måten:

- **210 000 kroner (støtte til marknadsføring av arrangementet, samt utvikling og gjennomføring av den «ikkje idrettslege delen» som er svært viktig for totalkonseptet)**
- **37 110 kroner (støtte til investering utstyr)**

- Vi er rimeleg sikre på at vi gjennom dei aktivitetane vi planlegg, skal gje god valuta for pengane og vise fram fylket, verdiar vi står for og fantastiske lokale ressursar, på ein framifrå måte. Støtte frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune vil i si heilheit bli knytta til omsøkte oppgåver.

NM i friidrett er dugnadsbasert og eit eventuelt overskot frå arrangementet går i si heilheit til vidare utvikling av gode idretts- og fritidsaktivitetar, med spesielt fokus på born og unge. Arrangementet har pr. dato eit budsjett på om lag 2,1 MNOK. Når vi målet på inntektssida er det budsjettert med eit overskot på 350 000 kroner, som er dugnadskompensasjon for tusenvis av timer som blir lagt ned før, under og etter arrangementet. Eit overskot blir fordelt på ulike idrettslag som deltek med gjennomføringa.

Vennleg helsing

NM i friidrett 2018

Rolf Kjetil Egge

Leiar hovud komité

Mobil 411 63 394

Rolf.egge@gmail.com

Vedlegg:

- *presentasjon av NM i friidrett 2018*